

# FØRESEGNER

## Brattvåg ferjekai – gbnr 328/432 mfl.

Dato: 16.09.2025 / Rev. 25.02.2026

Planidentifikasjon:	Saksnr. (Acos):	Eigengodkjenningsdato:	Eigengodkjent av:
ID-1580 2024008	24/1418	19.03.2026	Haram kommunestyre

## 1 – Generelt

Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er synt med reguleringsgrenser. Innanfor disse grensene skal areala brukast slik som planen (plankartet og føresegnene) fastsett. Reguleringsplanen vil erstatte gjeldande reguleringsplan for området vedteken den 12. juni 1986.

Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova (pbl.) og føresegner og retningslinjer i tilknytning til gjeldande arealdel av kommuneplanen.

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar i strid med desse.

## 2 – Reguleringsføresmål

Areal innafor planavgrensinga er regulert til følgjande føremål:

### Bebygging og anlegg (pbl. § 12-5, nr. 1)

- Næringsbebyggelse (NÆ)

### Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg, offentleg (o\_KV)
- Fortau, offentleg (o\_FO)
- Anna veggrunn – grøntareal, offentleg (o\_AVG)
- Anna veggrunn – teknisk, offentleg (o\_AVT)

- Kai (o\_KAI)
- Kollektivhaldeplass (o\_KH)
- Parkeringsplass, offentlig (o\_PP)

## **Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl. § 12-5, nr. 6)**

- Hamneområde i sjø (o\_HOS)
- Småbåthamn (SH)

## **Omsynssoner (pbl. § 12-6)**

- Frisiktsone – H140

## **Føresegningsområder (pbl. 12-7)**

- Plassering av bygg #1
- Plassering av bygg #2
- Midlertidig rigg- og anleggsområde #3
- Midlertidig rigg- og anleggsområde #4

# **3 – Fellesføresegner**

## **3.1 – Kommunaltekniske anlegg**

Innanfor areal satt av til Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur kan det førast opp trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er naudsynt.

## 3.2 – Støy frå byggje- og anleggsverksemd

Rettleiing T-1442/2021 gjeld for utslepp av støy frå byggje- og anleggsverksemd innanfor planområdet. Rettleiinga for støy T-1442/2021 skal følgjast og grenseverdiane i tabell 2 skal tilfredsstillast.

## 3.3 – VA-plan

VA-plan skal utarbeidast i samråd med Haram kommune før bygging av kommunalt vann- og avløpsanlegg.

## 3.4 – Kommunale normer

Kommunale vann- og avløpsanlegg innanfor planområdet skal opparbeidast i samsvar med vedtekne kommunale normer og retningslinjer, og etter tekniske planar vedtekne av kommunen.

## 3.5 – Fylkeskommunale normer

Overvatn frå fylkeskommunale samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur skal handterast lokalt, og deretter leiast til sjø på ein måte som hindrar erosjon, spreining av forureining og tek vare på miljøtilstanden i vassførekomsten. Dimensjonering skal skje etter Statens vegvesen sin normal N200 Vegbygging med klimatillegg, og nødvendige løyve etter forureiningslova skal vere innhenta før tiltaket vert gjennomført.

## 3.6 – Nedkjemping av uønskte framande artar

Det skal gjennomførast ei oppdatert risikovurdering med omsyn til spreining av framande artar i anleggsfasen. Denne skal inkludere oppdatert kunnskap om førekomstar av framande artar i området, vurdering av risiko for at prosjektet bidreg til spreining av framande artar frå eller til andre område, samt tiltak for å redusere risikoen for slik spreining.

For å redusere risikoen for spreining av den framande arten pollpryd, skal det utarbeidast rutinar for kontroll av fartøy, lekterar og utstyr.

For å redusere risikoen for spreining av den framande arten havnespy til og frå området, skal det utarbeidast rutinar for kontroll av fartøy, lekterar og utstyr som tidlegare er nytta i område med førekomstar av havnespy.

Bruk av siltgardin med daglege rutinar for fjerning av større partiklar kan i tillegg bidra til å redusere risikoen for spreining av pollpryd eller førekomstar av andre framande makroalgar i anleggsfasen. Bruk av siltgardin må vurderast og skildrast når søknaden om tiltak i sjø etter forureiningslova blir sendt inn til Statsforvaltaren.

Massane frå mudringa skal takast på land og førast bort, samt behandlast som næringsavfall og handterast etter forureiningsgrad.

Jordmassar som er infiserte med frø, røter eller andre underjordiske plantedelar skal ikkje nyttast som innblanding i anleggsgjord.

Jord som blir fjerna frå område med uønskte framande planteartar skal handsamast som spesialavfall og leverast til godkjent mottak.

## 3.7 – Havnivåstiging og stormflo

For tiltak som omfattast av tryggleiksklasse F1, blir stormflo utan klimapåslag nytta i tråd med tilrådingane i den nye DSSB-retteleiren (*Havnivåstiging og høge vasstandar i samfunnsplanlegging, 2024*).

Både eksisterande og ny ferjekai ligg på 2,4 moh (NN2000). Deler av konstruksjonen på ny ferjekai vil ligge under kote 2,4 moh (NN2000). Konstruksjonar og tekniske installasjonar som er sårbare for vatn skal løftast opp over flaumnivå eller beskyttast mot skade på annan måte.

Dei tre bygga(energib bygg, toalettbygg og renovasjonsbygg) som er tenkt oppført innanfor planområdet skal plasserast i sikker kotehøgde (minimum 2,4 moh). Desse bygga skal dimensjonerast for kombinert påverknad frå stormflo og bølger, inkludert framtidig havnivåstiging, utan å ta skade.

## 3.8 Universell utforming

Tiltak innanfor planområdet skal prosjekterast og utførast i samsvar med plan- og bygningslova (pbl.) med tilhøyrande forskrifter, samt Statens vegvesen sine vegnormalar. Krava til universell utforming skal leggjast til grunn ved utforming av vegar, gang- og sykkelanlegg, kai og andre publikums retta tiltak.

## 3.9 Omsynsperiode for naturmangfald

Samfjorden og området rundt ferjekaia er eit viktig område for gyting og hekking for torsk og sjøfugl. For å redusere påverknad er det ikkje tillate med anleggsarbeid i sjø, som til dømes graving, sprenging eller riving av eksisterande kai, i perioden februar–juli. For andre anleggsarbeid i sjø i denne perioden skal avbøtande tiltak vurderast og skildrast når søknaden om tiltak i sjø etter forureiningslova blir sendt inn til Statsforvaltaren.

Ålegras skal sikrast mot partikkelspreiing. Bruk av siltgardin må vurderast og skildrast når søknaden om tiltak i sjø etter forureiningslova blir sendt inn til Statsforvaltaren. Fjerning av eksisterande søppel på sjøbotnen skal òg skildrast i denne søknaden.

# 4 – Bebygging og anlegg

## 4.1 – Næringsbebyggelse (NÆ)

Området NÆ er sett av til næringsføremål.

# 5 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

## 5.1 – Køyreveg, offentleg (o\_KV)

Følgjande køyrevegar skal anleggjast som offentlege vegar:

o\_KV1 er fylkeskommunal hovudveg. O\_KV2, 3 og 4 er avkøyrslar frå hovudveg.

Offentleg køyreveg skal utarbeidast etter Statens vegvesen handbok NI00:2023.

## 5.2 – Fortau, offentleg (o\_FO)

Fortau innanfor planområdet skal vere offentleg tilgjengeleg, og utforminga av fortauet skal vere slik som vist i reguleringsplanen.

Byggegrensa mot sjø er den same som føremålsgrensa mot sjø.

## 5.3 – Anna veggrunn – grøntareal, offentleg (o\_AVG)

Anna veggrunn kan brukas til skjeringar, fyllingar, grøftar, drenering, overvasshandtering, støttemur, gjerdar, vegutstyr samt teknisk infrastruktur.

Byggegrensa mot sjø er den same som føremålsgrensa mot sjø.

## 5.4 – Anna veggrunn – tekniske anlegg, offentleg (o\_AVT)

Anna veggrunn – tekniske anlegg kan nyttast til trafikkøyer og rabattar i samband med veganlegget. Det er tillate å etablere rekkverk, skilt, belysning, tre, utsmykking m.m. innanfor områda så langt krav og tryggleiksavstandar til veganlegget blir oppfylte.

## **5.5 – Kai (o\_KAI)**

Området KAI er sett av til offentlig kaianlegg. Innanfor arealformålet kan det setjast opp tekniske installasjonar for ferjedrifta.

Innafor arealformålet KAI er det tillate med tiltak i sjøen i samband med bygging av ny ferjekai. Det er også tillate å sprengje bort steinmassar på sjøbotnen ned til kote – 7.0 m (NN2000) for å sikre at ny ferjekai har djup nok innsegling for nye typar ferjebåtar.

Byggegrensa mot sjø er den same som føremålsgrensa mot sjø.

## **5.6 – Kollektivhaldeplass (o\_KH)**

Innanfor området KH er det tillate å etablere offentlig kollektivhaldeplass for bussar.

## **5.7 – Parkeringsplass, offentlig (o\_PP)**

Innanfor området PP er det tillate å etablere offentlig parkering.

Parkeringsarealet skal opparbeidast i samsvar med kapittel 4.7 i Statens vegvesen si handbok N100:2023. Minimum breidde ved tverrgående parkering skal vere 2,6 meter.

Det skal setjast av minimum to parkeringsplassar for rørslehemma. Desse skal utformast i tråd med kommuneplanen sin arealdel for Haram kommune, vedteken 18. juni 2020.

Parkeringsplassen skal vere offentlig tilgjengeleg og til fri bruk for allmenta.

# **6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner**

## **6.1 – Hamneområde i sjø (o\_HOS)**

Området HOS er sett av til offentlig hamneområde i sjø. Innretningar som er til hinder for ferjetrafikk er ikkje tillate innanfor området.

Innafor arealformålet Hamneområde i sjøen er det tillate med tiltak i sjøen i samband med bygging av ny ferjekai. Det er også tillate å sprengje bort steinmassar på sjøbotnen ned til kote – 7.0 m (NN2000) for å sikre at ny ferjekai har djup nok innsegling for nye typar ferjebåtar.

Anleggsarbeid knytt til etablering av ny kai skal ta omsyn til gyteperioden for torsk, jf. Pkt. 3.9.

## **6.2 Småbåthamn (SH)**

Innanfor arealformålet Småbåthamn gjeld anlegg for småbåtar av allmenn karakter.

For nye småbåthamner og vesentleg utviding/ending av eksisterande småbåthamner, eller naustbygging i hamner skal det utarbeidast reguleringsplan.

# **7. – Grøntstruktur**

## **7.1 Naturområde (GN)**

Område o\_GN gjelder eksisterande grøntstruktur. Det tillatast ikkje tiltak innanfor formålet som forringar naturkvalitetane. Vegetasjon og terreng skal bevarast som skjerming.

# **8. Omsynssoner**

## **8.1 – Frisiktsoner (H140)**

Innanfor frisiktsoner skal det vere fri sikt på minimum 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå. Busker, tre, gjerde eller andre konstruksjonar som kan hindre sikten er ikkje tillat. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsona, dersom dei ikkje hindrar fri sikt. Parkeringsplassar kan ikkje etablerast i frisiktsonene. Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar vert fjerna.

# 9 – Føresegningsområder

## 9.1 Plassering av bygg #1

Innanfor #1 i reguleringsplanen er det tillate å oppføre eit energibygget for framtidige nullutsleppsferjer og eit avfallsbygg for handtering av avfall.

Energibygget er tillate oppført med eit fotavtrykk på 5 x 15 m, og ein maksimal gesimshøgde på 8 m. Avfallsbygget er tillate oppført med eit fotavtrykk på 3 x 5 m, og ein maksimal gesimshøgde på 4 m. Bygga i tryggleiksklasse F1 skal tole stormflo og overfløyning utan å ta skade.

Det er tillate å endre plasseringa av bygga innanfor bestemmingsområde #1.

## 9.2 Plassering av bygg #2

Innanfor #2 i reguleringsplanen er det tillate å oppføre eit toalettbygg for brukarar av ferjekaia og eit buskur for tilreisande.

Toalettbygget er tillate oppført med eit fotavtrykk på 3 x 7 m, og ein maksimal gesimshøgde på 4 m. Buskuret er tillate oppført med eit fotavtrykk på 2 x 6 m, og ein maksimal gesimshøgde på 4 m. Bygga i tryggleiksklasse F1 skal tole stormflo og overfløyning utan å ta skade.

Det er tillate å endre plasseringa av bygga innanfor bestemmingsområde #2.

## 9.3 Midlertidig rigg- og anleggsområde #3 og #4

Bestemmingsområde #3 og #4 kan nyttast til mellombels rigg- og anleggsområde så lenge anleggsarbeida pågår. Riggområda skal sikrast på forsvarleg måte før dei kan takast i bruk. Det skal etablerast rutinar som sikrar trygg oppbevaring av forureinande stoff og kjemikaliar og hindrar avrenning av olje, kjemikaliar og andre forureinande stoff i grunnen.

Etter at anleggsarbeida er avslutta, skal mellombelse rigg- og anleggsområde fjernast og området setjast i stand. Terreng og overflate skal tilbakeførast til tilnærma opphavleg tilstand eller til den tilstanden som er fastsett i planen. Vegetasjon skal etablerast slik at området får ei utforming og eit preg som harmonerer med omkringliggjande areal.

# 10 Rekkjefølgjekrav

## 10.1 Etablering av o\_FO1

Etablering av o\_FO1 skal vere ferdig før ny ferjekai vert teken i bruk.

## 10.2 Riving av eksisterande ferjekai og etablering av o\_FO2

Riving av eksisterande ferjekai og etablering o\_FO2 skal startast opp innan 2 år etter at ny ferjekai er teken i bruk.

## 10.3 Etablering av o\_FO3 og o\_FO4

Før o\_AVT1 og o\_AVT2 kan takast i bruk, må o\_FO3, o\_FO4 og o\_KV3 vere etablert.

\*

Møre og Romsdal fylkeskommune, 27.10.2025  
Revidert Haram kommune 25.02.2026

\*\*\*

Eigengodkjent av Haram kommunestyre i møte 19.03.2026, sak 013/26